



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Berit Rygg, 5764 3109

Lindås kommune - § 19 g og byte av barnehage innan kommunen

Vi syner til e-post datert 15.01.19 der de ber om avklaring på kommunen sitt ansvar, der barn med behov for tilrettelegging etter § 19g, byter barnehage.

Barnehagelova § 19g omhandlar kommunen si plikt til å sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit individuelt tilrettelagt tilbod. Kommunen skal fatte vedtak om tilrettelegging. I merknad frå Prop.103 L blir det vist til kommunen si plikt for tilrettelegging i Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova § 16. Kommunen si plikt gjeld for barn med nedsett funksjonsevne, som har barnehageplass og er busett i kommunen.

Formålet med spesialpedagogisk hjelp etter bhl. § 19 a, er å gi barn tidleg hjelp og støtte i utvikling og læring. Målsettinga med individuell tilrettelegging etter bhl. § 19 g, er ikkje ei endring eller utvikling hos barnet, men å byggje ned barrierane som gjer at barnet ikkje kan gjere seg nytte av barnehagetilbodet i den aktuelle barnehagen barnet har fått plass i. Kommunen skal gjere ei konkret vurdering i kvar einskild sak, ut frå tilhøva i den barnehagen barnet går. Barnet sitt beste skal ligge til grunn og vere synleg i vurderinga.

Dersom kommunen har fatta vedtak om tilrettelegging etter barnehagelova 19g der barnet har plass, vil ikkje dette vedtaket gjelde dersom barnet byter barnehage. Kommunen må då konkret vurdere om det er trong for tilrettelegging i den nye barnehagen.

Med helsing

Marianne Svege (e.f.)
seksjonsleiar

Berit Rygg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

